

Det kongelige Miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Høyrings svar til Miljøverndepartementet sitt utkast til forskrifter til matrikkellova

Innleiing

Regionrådet Nordhordland IKS er eit interkommunalt selskap for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har fast sekretariat. Ei sentral oppgåve for rådet er å vera felles talerøyr for regionen i høve til Staten. Nærare informasjon om selskapet; formål, verksemd m.v. er å finna på selskapet sin nettstad: www.nordhordland.net

Innan saksområdet plan-, byggesak og kart og oppmåling er etablert eit felles fagforum av fagsjefane i dei 9 kommunane. Dette har vore sakshandsamingsorgan i saka.

Regionrådet er eit politisk organ der ordførarane i medlemskommunane er styre. Vår tilbakemelding går på dei meir politiske spørsmål som saka reiser. Men våre fagfolk har i tillegg til dette laga ei meir fagleg vinkla tilbakemelding til MD sitt høyringsutkast. Denne følgjer som vedlegg til vårt høyrings svar.

Nokre generelle merknader til høyringsbrev og utkast til forskrifter

Førre forskriftsutkast kontra det reviderte forskriftsutkastet

Som MD er kjend med, hadde vi mange merknader både i høve framlegget til ny matrikkellov og til det førre utkastet til forskrifter til den lova som først blei vedteke. Nå har vi i hovudsak fått ei lov i samsvar med våre høyringsmerknader til lova som blei vedteke i 2005.

Det nye forskriftsutkastet har og i stor grad kome våre innvendingar til utkastet til den førre lova i møte om enn ikkje alle. M.a. ønskte vi, med tanke på at regelverk generelt bør vera lett og oversiktleg tilgjengeleg for publikum, at **forskriftstrukturen** burde følgja lovstrukturen. I det nye utkastet har MD oppretthalde (som i det førre utkastet) ein struktur som er veltilpassa saksgangen i dei ulike oppgåvene, m.a.o. eit godt verktøy for dei kommunale sakshandsamarane.

Vi innser dei fordeler dette kan ha og aksepterer dette dersom det i innleiinga til forskriftene blir laga ei oversikt over kva for §§ i forskrifta som gjeld den einskilde § i lova. Det vil gje publikum turvande hjelp i å finna fram i regelverket.

Ei ny lov medfører sjølvsagt tilhøyrande endringar i forskriftene. Nedanfor kjem vi med våre tilbakemeldingar til spørsmål reist i høyringsbrev, nokre andre spørsmål som må avklarast og merknader til sjølve høyringsutkastet til forskrifter.

Iverksettingstidspunktet

Vi er samd med MD at alle kommunane i landet må ha fått på plass den nye matrikkelen før lova vert sett i kraft. Men i tillegg må kommunane ha fått på plass nytt kvalitetssystem og turvande kunnskapsheving og andre hjelpemiddel som trengs for å sikra at publikum får den kvalitet av tenestene som er sett i regelverket.

Sjølv om forskriftene måtte bli klar tidleg hausten 2008, er det her snakk om store kvalitetshevingar, som medfører store endringar i dei kommunale kvalitets/styringssystema,

hjelpemidla og vesentleg auka kunnskapskrav. Lova bør derfor tidlegast settast i verk etter ferien 2009, f.eks. 1. september.

Tidlegare eller seinare ikraftsetjing knytt til særskilte forhold

Vi støyr MD i at ingen andre deler av lova enn dei det alt er gjort vedtak om iverksetting av (etablering av matrikkelen), bør settast i verk før resten av lova.

MD tilrår med tilvising til forarbeida at § 7 i lova inntil vidare ikkje vert sett i kraft. § 7 skal sikra at eigedomsgrenser og rettar som gjeld ein eigedom, blir klarlagde i samband med overdraging av eigedoms- eller festerett til eigedom. Det er svært vesentleg for partane at desse tilhøva er/blir klarlagde før eigarskifte skjer. Det vil spare både den einskilde og rettsapparatet å få gjort desse avklaringane i tide. Dette er òg grunngevinga for lovregelen. Grunngevinga for utsettinga er manglande kapasitet i kommunane. Då dette er tenester som etter regelverket kan finansierast fullt ut ved gebyr etter § 32, kan kommunen hyra inn private til å utføra dei mest ressurskrevjande delane av arbeida dersom dei ikkje sjølv har kapasitet til å utføra arbeida. Våre fagfolk tilrår ei litt smidigare ordning; at § 7 vert sett i kraft, men at kommunar som ikkje frå dag ein vil kunna makta oppgåva ved eige eller leigd hjelp, etter søknad til fylkesmannen bør kunna få ei kortare utsetjing, f.eks. inntil 4 år, med å sette i verk § 7.

Opplysingar om bygning

Vi konstaterer at MD har vektlagt ønska til SSB framfor råda frå kommunane om ikkje å ta inn i matrikkelen informasjon som det ikkje finst regelverk for å halda vedlike. Vi saknar ei tilfredsstillande grunngeving for dette. Vi meiner det bør vera ein overordna regel at folk kan stola på alle opplysingane som ligg i matrikkelen. Dette prinsippet kan ein ikkje oppnå dersom det i matrikkelen blir pålegg om å registrera data det ikkje er lovregulert vedlikehaldreglar for. Vårt forslag er at regelverket blir i samsvar med kommunane si tilråding.

Behov for unntak frå meldeplikt etter personopplysingslova

Matrikkelen er eit personregister. Derfor bør opplysingane i denne gjerast tilgjengeleg på Miside. Vi sluttar oss til fellesforslaget til Datatilsynet og Statens kartverk om reglar i personopplysingsforskrifta som frittek kommunen for meldeplikt for sine forvaltingsoppgåver etter matrikkellova. Dette er nødvendig for ei rasjonell utføring av oppgåvene

Forholdet mellom skiltforskrifta og matrikkelforskrifta

Vi støyr MD sitt forslag til samordning.

Økonomiske konsekvensar for kommunane

Ein hovudpremiss ved innføring av gjeldande eigedomsregistreringslov i 1980 og det kvalitetsløftet dette innebar på saksområdet, var at dette ikkje skulle påføra kommunane auka netto kostnader. Kommunane var gitt heimel til ved kommunalt fastsette gebyr å få dekt dei kostnadene som kommunen fekk ved lovpålegget,

Dette hovudprinsippet skal også leggjast til grunn i den nye lova, jf. forarbeida.

Grunngevinga for at kommunane skal vera lokal matrikkelstyresmakt, er at dette er den mest rasjonelle ordninga for samfunnet. Vi er heilt samd i vurderingane og konklusjonen.

§ 32 Offentlege gebyr og betaling for matrikelopplysningar lyder:

Kommunen kan ta gebyr for oppmålingsforretning, matrikkelføring, utferding av matrikelbrev og anna arbeid etter lova her etter regulativ fastsett av kommunestyret sjølv. Gebyra kan i sum ikkje vere høgare enn nødvendige kostnader kommunen har med slikt arbeid. For matrikulering av eigarseksjon kan det ikkje takast andre gebyr enn det som er fastsett i eigarseksjonslova § 7 femte ledd.

Det kan krevjast betaling for opplysningar frå matrikkelen. Det kan ikkje takast gebyr eller anna betaling for innsyn i matrikkelen ved personleg fram møte hos lokal eller sentral matrikkelstyresmakt.

Departementet kan i forskrift gi nærare reglar om gebyr og om betaling for opplysningar frå matrikkelen, under dette reglar om fordeling av slike inntekter mellom kommunen og staten.

Første setning seier at kommunen kan få dekt sine kostnader etter lova ved gebyr fastsett av kommunestyret. I andre setning er sett eit samla tak for gebyra (sjølvkostprinsippet).

Av utkastet til forskrifter går det fram at ei rekke arbeid som kommunen skal utføra etter lova, skal utførast utan at det kan krevjast særskilt gebyr for desse. Dette gjeld i hovudsak arbeid som fremjar måla med lova og er arbeid som meir kjem storsamfunnet enn einskildperson til gode. Vi meiner at tenester kommunen utfører som primært kjem storsamfunnet til gode, bør finansierast av storsamfunnet. Dette reiser to uavklarte hovudspørsmål:

1. Kva for arbeid etter matrikkellova som det ikkje kan krevjast særskilt gebyr for, skal likevel vera med i gebyrgrunnlaget? (Arbeid spesifisert som tilleggsytingar i KRD sin modell for sjølvkost.) Vi viser til vedlegget frå våre fagfolk der problemstillinga er utdjupa.
2. I lovproposisjonen (Ot.pr. nr. 57 2006-2007) har MD under kapitlet **Økonomiske og administrative konsekvensar** sagt følgjande:
*Endringane medfører ingen vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar for kommunane, staten, brukarane eller andre i forhold til gjeldande delingslov. (Første avsnitt).
Og i 4. avsnitt:
.....Kommunen skal normalt krevje eit samla gebyr for alt arbeide etter lova, jf. § 32.*

Det første sitatet samsvarar ikkje etter vår vurdering med dei faktiske tilhøva. Lova medfører auka krav både til kvalitet og omfang i tenestene frå kommunane både til einskildperson og til storsamfunnet. Lova medfører òg auka krav til fagleg kompetanse hos tenesteutøvarane, noko som òg har auka kostnad som konsekvens.

Det andre sitatet samsvarar ikkje med framlegget til forskrift til lova.

Vårt spørsmål blir då: Korleis skal kommunane få dekt det økonomiske gapet mellom det kommunane kan krevja dekt gjennom gebyr etter § 32 og kommunen sine totale kostnader etter lov?

For arbeid som ikkje blir omfatta av dei kommunale gebyra, gjentek vi vårt forslag i førre høyringsrunde:

*”Kommunane får oppgjer for sine arbeid for storsamfunnet i form av stykkpris for dei ulike oppgåvene. Matrikkelen kan nyttast som grunnlag for rekneskapsføringa av kva den einskilde kommune skal ha utbetalt.
Kostnadene blir dekt over MD sitt budsjett.
MD bør samarbeida med KS om oppgjerdsmodellen og med KS framforhandla kva stykkvederlaget skal vera for dei einskilde oppgåvene.”*

§ 16 i utkast til forskrifter

Dette er gebyr for ei kommunal yting. Det er mykje som talar for at ein for denne tenesta har ein nasjonal standardsats. Men vi finn det urimeleg at Staten skal fastsette denne. Ei betre ordning vil det vera at KS i føresett forslag til gebyrmal, som i malen frå 1999, tilrår ein sats som kommunane bør bruka.

§ 17 i utkast til forskrifter

Dette gjeld sal av offentleg informasjon som dels kjem frå kommunane, dels frå Staten. Når det gjeld prissetting og fordeling av inntektene, reagerer vi negativt på formuleringa i forskriftsparagrafen. Her bør det stå at prisar og fordeling av salsinntektene skal skje i samråd mellom kommunane og Statens kartverk.

Andre tilbakemeldingar

Vederlagsfri tilgang til elektronisk grunnbok

Kommunen treng tilgang til informasjon som ikkje ligg i matrikkelen men i elektronisk grunnbok for å kunna utføra viktige deler av sine forvaltingsoppgåver. I dag må kommunane betala for slik tilgang. **Vi ber MD å utverke at instansar som treng informasjon arkivert i elektronisk grunnbok i sine lovpålagde arbeid, skal ha vederlagsfri tilgang til informasjonen.** (Same regel som er foreslått gjort gjeldande for opplysingane i matrikkelen.) Det høyrer ingen stad heime at kommunane skal måtta betala vederlag til Staten for opplysningar kommunen treng for utføra oppgåver pålagt av Staten!

Spesifisering av krav til fagleg kompetanse for dei kommunale oppgåvene

Kommunane er ansvarleg for at dei som utfører dei kommunale tenestene etter lova har nødvendige faglege føresetnader for å yta dei lovfaste oppgåvene og med kvalitet som spesifisert i lov og forskrift. Dette gjeld enten kommunen utfører arbeida med eige fagpersonell eller ved kjøp av slike tenester.

Dei faglege krava til deler av oppgåvene, dei som gjeld oppmålingsforretning, er grovt spesifisert i forarbeida til lova (NOU 1999:1, Ot.pr. nr. 70 (2004-2005) og i MD sitt høyringsutkast til forskrifter i 2006.) Men for dei andre oppgåvene manglar stort sett slike spesifikasjonar. For føring av matrikkelen er kravd gjennomgått kurs som skal gje turvande tekniske kunnskapar for å registrere dei spesifiserte data i matrikkelen. Men kva med krav til fagleg kompetanse for å sikra at opplysingane som skal registrerast, er korrekte?

For at kommunen skal kunna fordele oppgåvene etter lova til folk enten i eigne rekker eller ved avtale/kjøp frå andre, må vedtaksinstansen i kommunen ha lett tilgang til kva faglege krav som må stillast til dei ulike oppgåvene. Dette gjeld òg der det vil vera aktuelt at oppgåvene eller deler av dei blir utført interkommunalt. Vi viser til løysingsforslag frå våre fagfolk, jf. vedlegget.

§ 4 Innhald i matrikkelen (§ 3 i forskriftsutkastet)

Det må **uttømande** gå fram av forskrifta kva for opplysingar kommunane skal registrera i den sentrale matrikkelen. Dette bør listast opp i første ledd i § 3 i forskrifta. (Arbeidsdeling mellom forvaltingsnivåa må fastsetjast i lov/forskrift eller avtale. I forskriftsutkastet er eit underordna statleg organ tillagt å pålegga kommunane nye oppgåver. Vi kan ikkje sjå at det er heimel for det.)

Vi tolkar 2. ledd som eit tilbod til kommunane, som dei kan velja om dei vil ta i bruk eller ei. I dei fleste kommunane blir den opplista informasjonen først registrert i kommunen sitt saksystem. Så lenge det ikkje er automatisk oppdatering frå dette til matrikkelen, vil det medføra ekstra arbeid og fare for feilregistreringar om kommunen i tillegg også skulle registrera dei nemnde opplysingane i matrikkelen.

§ 22 Generelt om føring av matrikkelen

I følgje andre ledd skal kommunen: ”føre inn opplysingar (i matrikkelen) frå saker for dei ordinære domstolane, jordskifteretten eller tilsvarende særdomstol.”

Skal kommunen kunna utføra dette pålegget, må desse organa gjennom forskrifta få pålegg om å senda kommunen dei aktuelle dokumenta. Dette er informasjon som kommunen også treng i andre forvaltingsoppgåver etter denne lova (og andre lover). I forskriftsutkastet er det berre gitt slikt pålegg til jordskifteretten. Tilsvarende pålegg må og koma for dei andre rettsinstansane!

§ 21 Fastsetjing av offisiell adresse

Kring 1/3 del av adresseeiningane i landet manglar tildelt vegadresse. Dette påfører samfunnet årleg fleire milliardar kroner i ekstra kostnader. Det bør derfor vera ei prioritert oppgåve å få tildelt vegadresse til adresseeiningane.

I det regelverket ein så langt har hatt, har utgangspunktet vore at kommunen sitt areal er den ytre ramma for eit adresssystem. Skal ein få velfungerande adresssystem, er vår erfaring at eksisterande kommuneinndeling mange stader er ueigna som dekkingsområde for eit adresssystem. Dertil skaper dette òg problem der ein får endra kommuneinndeling. I regelverket bør det derfor koma inn overordna reglar for fastsetting av kva som skal vera dekkingsområdet for eit adresssystem og for revurdering/ending av dette. Med basis i erfaring frå vår region der arbeidet med tildeling av vegadresse til alle einingane er i full gang, har vore fagfolk kome med konkrete supplerings-/endingsframlegg til kap. 14 i forskriftsutkastet.

Sluttmerknader

Vi konstaterer med glede at Stortinget og MD i prosessen har lytta og tatt til følgje storparten av våre merknader og tilrådingar i tidlegare høyringssvar.

Vi vonar at dette høyringssvaret og alle dei konkrete framlegga som er sett fram her, tilsvarande vil vera til god nytte i MD sitt vidare arbeid. Vi ønskjer lykke til med det.

Knarvik, den 25. mars 2008.

For Regionrådet Nordhordland IKS

Håkon Matre
leiar

Jostein Skråmestø
kst. dagleg leiar

Vedlegg: Høyringssvar frå fagadministrasjonane til kommunane i region Nordhordland og Gulen, datert

Gjenpart sendt til KS

Vedlegg

Merknader frå fagadministrasjonane i kommunane i regionen til MD sitt utkast til forskrift om eigedomsregistrering m.m. av 18.desember 2007

Innleiing

Først vil vi gje uttrykk for at vi synest at utkastet til forskrifter er eit godt opplegg til at sakshandsamarane i kommunane vil få eit godt verktøy for sine oppgåver. Våre tilbakemeldingar er eit innspel for å gjera dette verktøyet endå betre for sakshandsamarane primært, men og for publikum.

Redaksjonelle merknader, forskrift og tilhøyrande rettleiing og krav til fagkompetanse

For sakshandsamarane er den valde oppbygging av forskriftene med utfyllande kommentarar direkte til den einskilde § i forskrifta ei god løysing. For endå betre å sjå samanhengen mellom lov og forskrift, ikkje minst for publikum, kunne det vera tenleg å gjera merksam på samanhengen i overskrifta til den einskilde forskriftsparagraf i staden for som i utkastet, i MD sine merknader. I tillegg kunne ein hatt ei samla oversikt først i forskrifta om denne samanhengen stigande etter §§ i lova. Serleg for publikum vil ei slik oversikt gjera det enklare å få utfyllande informasjon når dei les lova.

Slik utkastet er utforma er det også ein utfyllande rettleiar til kommunane, primært i høve til den sakshandsaminga kommunane skal yta. Dette er fint. Men kommunane, som ansvarleg lokal matrikkelstyresmakt, **treng òg rettleiing om kva fagleg kompetanse lova føreset for dei som skal utføra dei ulike oppgåvene** enten det blir gjort ved eige personale eller eksternt engasjert hjelp. Ei slik oversikt vil og vera tenleg for at kommunane skal kunna organisera sitt forvaltaransvar på ein god måte internt og i saman med andre. Særleg vil ei slik oversikt vera heilt nødvendig for dei mange små og mellomstore kommunane i landet. **Vi meiner dette er eit rettleiingsansvar som ligg til MD og ikkje bransjen** (som MD gav uttrykk for på orienteringsseminar i Bergen den 07. februar i år); **for dette gjeld styresmakt oppgåver der MD fastset kvalitetskrava.**

Vi ber derfor om at MD sender eit rundskriv til kommunane der ein finn MD sine utfyllande merknader til dei ulike kapitla og den einskilde § i forskriftene **og kva fagleg kompetanse lova krev at utførar eller kontrollansvarleg av dei ulike oppgåvene må ha.** Utarbeiding av denne oversikta bør skje i samarbeid med kommunesektoren. (Sjekkliste i høve til det som skal utførast og kontrollerast i dei ulike oppgåvene, vil gje eit godt verktøy for å kunna skildra kompetansekrava til oppgåvene.)

MD sin rettleiar kan med fordel organiserast etter same mal som BE sin elektroniske rettleiar. Denne er sakshandsamarane i kommunane kjende med. Og i dei mindre kommunane vil personalet i stor grad vera sakshandsamarar etter begge lovene. Eit tilsvarende opplegg knytt til matrikkelen vil derfor gjera kvardagen enklare og sikrare for sakshandsamar.

Tilgang til elektronisk grunnbok

Etter den nye lova skal styrar av oppmålingsforretning også klarleggja og stadfeste eksisterande og nye bruksrettar og servituttar. I grunnboka finn ein informasjon om mange av dei eksisterande. Kommunane treng derfor enkel tilgang til denne informasjonen. I dag må kommunane betala for uthenting av informasjon frå elektronisk grunnbok, som vil vera den mest rasjonelle tilgangen til den informasjonen kommunen treng for å løysa sine

forvaltingsoppgåver. Vi meiner at ein her må ha same reglar som dei MD har tilrådd for tilgang til informasjon i matrikkelen: Dei som treng opplysingar i matrikkelen for å utføra lovpålagde oppgåver, skal ha vederlagsfri tilgang til å henta ut aktuell informasjon.

Låse matrikkelen til gjeldande kommuneinndeling

Vårt syn er at å låsa eigedomsidentitet til nåverande kommuneinndeling over tid vil medføra minst like mange ulemper for eigedomsidentitet som nåverande system. Vi kjenner til at dette blei gjort i Bergen dei første åra etter kommunesamanslåinga i 1972, men at ein der fann det rett å tilpassa gardsnumra dei nye kommunegrensene. I dagens digitale samfunn medfører dette mindre arbeid enn før når informasjonane var i analog form både register og kart. **Hald på dagens ordning!**

Tilbakemeldingar til forskriftsutkastet

Nedanfor kjem vi med våre tilbakemeldingar til det utsende høyringsutkastet. Der det ikkje er merknader til §§, stør vi framlegga. Fleire stader har vi kome med konkrete framlegg til justeringar/ending av formuleringane. Med unntak for tilbakemeldingane til § 2, er tekstlege endingar/tillegg er sett i *kursiv*. Setning eller del av setning som vi tilrår går ut, er konkret påpeikt, alt for å letta MD sitt oppfølgjande arbeid.

Kapittel 1

§ 2 Definisjonar

Definisjonane som gjeld kapittel 14 i forskrifta er utilstrekkelege. Viktige termar manglar definisjon mens andre treng justering. Sjå våre merknader til dette kapitlet i forskriftene. Der har vi nærare grunngjeve dei tillegg og justeringar vi har til § 2 om dette temaet og som er følgjande:

Justeringar:

- c) *vegkode*, et nummer som entydig identifiserer en adresseparsell eller del av denne i kommunen
- d) *vegnavn*, navn på en adresseparsell
- g) *matrikkeladresse*,festenummer, eventuelt også et seksjonsnummer (det skal ikkje eksistera undernummer til festenummer; men seksjonsnummer er ei matrikkeleining

Nye objekt/omgrep:

- i) *adresssystem*, nasjonale og lokale retningslinjer for tildeling av vegadresse innen et geografisk avgrenset område
- j) *adresseringsområde*, dekningsområdet for et adresssystem
- k) *adresseparsell*, dekningsområdet til det stedsnavnet (vegnavnet) som det tildeles adressenummer til
- l) *adressenavn*, sjå merknad til § 54

For adresseforvaltar vil det vera meir praktisk om alle adressedefinisjonane var samla i eigen § først i kapittel 14 i staden for her. Her kunne ein innskrenka seg til ei tilvising til aktuell § i kapittel 14.

For å unngå misstydingar bør ein også i § 2 ta inn følgjande definisjon:

- m) *matrikkelfører*, kommunen eller instans som fører matrikkelen på vegne av kommunen

Grunngjeving: Ordet ”matrikkelførar” vil folk flest oppfatta som den personen som fører opplysingar i matrikkelen mens i lova er ordet brukt om ansvarleg instans.

Kapittel 2

§ 3 Innhaldet i matrikkelen

Forskrifta første ledd omhandlar kva som skal/kan vera innhald i den sentrale matrikkel og andre avsnittet om kva som kan vera innhald i ein kommunal tilleggsdel.

Etter vårt syn må ein i forskriftene **klart definere kva som skal registrerast i den sentrale matrikkelen** dersom kommunen eller anna offentleg forvaltingsorgan har denne informasjon lett tilgjengeleg eller får han gjennom dei vanlege forvaltingsrutinane. Viser utviklinga at ein treng registrera andre data om matrikkeleiningane enn dei som er lista opp, for å oppfylle kravet i § 4 i lova, så bør det skje ved revisjon av forskrifta etter vanleg prosedyre for forskriftsrevisjon.

Av MD i sine merknader til § 3 ser det ut til at Sentral matrikkelstyresmakt har fått mynde til å fastsetja arbeidsdeling mellom statleg og kommunalt forvaltingsnivå. Ei slik arbeidsdeling må fastsetjast ved lov/forskrift eller i avtale. **Derfor må opprekninga i første ledd vera uttømmende.** Dette gjeld òg strekpunktet *historikk* under pkt a). (Opplistinga i MD sine merknader er grei og kan nyttast)

I første ledd saknar vi eit pålegg om registrering av referanse til reist sak og dommar ved dei ordinære domstolane om rettsavgjerder som gjeld grenser m.v. ; dokument som landmålar må ha kunnskap om for rasjonelt å kunna utfør sine plikter med den kvalitet som er fastsett i lov og forskrift. (På line med reist krav og avgjerder for jordskifteretten, jf. §22 andre ledd.)

Første ledd c). Andre strekpunkt gjeld data som ein ikkje kan halda à jour gjennom dei ordinære forvaltingsrutinane og bør derfor strykast, jf. den politiske tilbakemeldinga til dette punktet i høringsbrevet.

Andre ledd gjeld kommunal tilleggsdel. (SK tilbod) Kva som skal registrerast i tilleggsdelen ligg til vedkomande kommune å avgjerda. Opprekninga av kva som kan vera innhald i den kommunale tilleggsdelen, bør starte med vedtekne kommunale arealplanar etter plan- og bygningslova då dette er svært viktig informasjon for publikum.

Dei fleste kommunane vil ha tilgang til denne informasjonen i sine sakssystem. Inntil ein kan overføra informasjonen automatisert, vil tilbodet medføra ekstra arbeid og ei ekstra feilkjelde og er såleis nå truleg lite aktuelt for dei fleste kommunane.

I MD sine merknader bør det klart gå fram at andre ledd er eit tilbod. Det vil her og vera naturleg å nemne noko om konsekvensane av restriksjonane i 5. ledd i § 30 i lova.

§ 4 Matrikkelsystemet

Jf. det som er sagt om arbeidsdeling mellom forvaltingsnivåa under § 3. Det medfører ei lita justering av første ledd i utkastet. Vi tilrår:

(1) Statens kartverk gir utfyllende regler om matrikkelsystemet og om føring av opplysninger i matrikkelen. (Sletta: om innhald)

§ 5 Krav til person som skal føre matrikkelen

Denne overskrifta bør endrast til: Krav til matrikkelfører og til person som skal føre opplysninger i matrikkelen, jf. § 5 siste ledd. Vi viser til forslaget om å ta inn i § 2 definisjon av matrikkelfører og det vi har sagt innleiingsvis om krav til fagkompetanse for matrikkelfører.

Skal ein sikra målet om at brukar skal kunna stola på informasjonen som er registrert i matrikkelen, må matrikkelførar ha både personar med nødvendige fagkunnskapar for å

vrdera om eksisterande dokumentasjon tilfredsstillar krava lova set til matrikkelføring og eit kvalitetssystem som sikrar riktig føring og arkivering av dokumentasjonen.

Fleir og fleir kommunar får etter kvart saksystem som halvautomatiserar matrikkelføringa. Etter prinsippet om fullført sakshandsaming, vil ulike tenestetakarar i kommunen føra "sine" matrikkeldata i matrikkelen vil ved eit tastetrykk i matrikkelførar sitt fagsystem. Men der ein ikkje har slike hjelpemiddel og heller ikkje finn det tenleg eller av andre grunnar må overlata matrikkelføringa til person med mangelfulle kunnskapar for vurdering/kontroll av om registreringsgrunnlaget tilfredsstillar lovkrava matrikkelføring, må matrikkelførar sitt kvalitetssystemet sikra dette på annan måte.

Krav sett til person må vera dokumentert realkompetanse.

Med bakgrunn i dette tilrår vi følgjande:

§ 5 Krav til matrikkelførar og til person som skal føre opplysningar i matrikkelen

- (1) *Matrikkelførar må ha personell med nødvendig fagkompetanse og et kvalitetssystem som sikrer en matrikkelføring som tilfredsstillar lovens krav.*
- (2) *Person som skal føre opplysningar i matrikkelen, skal ha bestått kurs godkjent av Statens kartverk og selv ha nødvendige faglige forutsetningar for å vurdere/kontrollere at dokumentasjonen tilfredsstillar kravene til matrikkelføring eller på annan måte har organisasjon/hjelpemidler som sikrer dette.*

§ 7 Innsyn

Forskrifta sitt 2. ledd bør justerast i høve til restriksjonsregelen i § 30 (5. ledd) lova.

Vi tilrår at formuleringa startar slik: *Med unntak av restriksjoner pålagt i § 30 femte ledd, skal enhver som ber om det,.....*

§ 8 Behandlingsformål

Her bør ein òg ha reglar i høve til restriksjonsregelen i § 30 (5. ledd) lova.

§ 9 Utvidet adgang til å utlevere enkelte matrikkelopplysningar

Forslag: (1) *Med unntak av opplysningar som det foreligger utleveringsrestriksjoner for, jf. § 30 femte ledd i loven, kan følgjande*

Kapittel 3 Føring av matrikkelnummer, tinglysing og utsteding av matrikkelbrev

§ 14 Melding til tinglysing

2. ledd. For seksjoneringar/reseksjoneringar før 01.01.1998 har ikkje kommunen dei aktuelle dokumenta, men SK. Det verkar urimeleg at kommunen skal få tak i kopi av desse og senda dei til SK på nytt!

Kapittel 4 Gebyr og betaling

Vi viser til den politiske tilbakemeldinga til dette kapitlet.

Det er kommunen sin administrasjonen si oppgåve å fremja forslag til kommunalt gebyrregulativ. Etter premissane i lova skal administrasjonen ta utgangspunkt i sjølvkostprinsippet. KR D har gitt ut ein generell rettleiar for utrekning av sjølvkost der ein opererer med kjerneprodukt, tilleggsytningar og støttefunksjonar.

I MD sine merknader bør det klargjerast kva for kostnader (oppgåver) som inngår i omgrepet kjerneprodukt og tilsvarande kva oppgåver som kan takast med under omgrepet tilleggsytningar. Herunder bør det klargjerast om kommunen sine kostnader med matrikkelføring av bygnings-, adressedata og samanføyning som er følgjekostnader av vedtak for einskildperson i samband med dele- eller byggesak etter plan- og bygningslova skal

reknast som tilleggsytingar etter plbl og inngå i gebyrgrunlaget etter den lova, eller om det skal takast med som tilleggsytingar etter matrikkellova.

Dersom kostnadene med arbeida ikkje skal takast med i gebyrgrunlaget, meiner vi at desse kostnadene bør dekkast i samsvar med framlegget i den politiske delen av høyringssvaret.

Elles er vi heilt samde i at KS får utarbeidd ein standard mal for kommunale gebyr etter matrikkellova. Dette bør skje som ein revisjon av KS sin gebyrmalen frå 1999.

Merknader til sjølve forskriftsutkastet

I andre ledd er ført opp oppgåver om kommunen ikkje kan ta gebyr for. I den utstrekning arbeida med desse oppgåvene ikkje kan takast med i omgrepet tilleggsytingar, er det naturleg å seie at dette er oppgåver kommunen utfører for storsamfunnet, kanskje med eitt unntak under bokstav e. Matrikkelfører sine arbeid pålagd i § 19; matrikkelføring av avtale om eksisterande grense er like mykje arbeid for privatpersonar som ein oppmålingsforretning. Derfor meiner vi at for desse sakene bør det krevjast gebyr på line med oppmålingsforretning.

I sine merknader til leddet peiker MD på ei type matrikkelføring utan oppmålingsforretning som kommunen kan ta gebyr for. Dette bør stå direkte i forskrifta. Derfor **tilrår vi** følgjande formulering av § 16 andre ledd bokstav e:

e) føring av andre opplysninger i matrikkelen uten oppmålingsforretning *med unntak av matrikkelføring hjemlet i §§ 19, 47 og 48. For disse arbeidene kan det kreves gebyr etter lovens § 32 første ledd.*

I tredje ledd er foreslått at Statens kartverk fastset maksimalsats for det gebyret kommunen kan ta. Det er mykje som talar for at ein her har eit nasjonalt fastsett maksimalgebyr. Men i og med at dette er eit kommunalt gebyr, tilseier lova at fastsetting av gebyret må skje av kommunane. Men for å oppnå ein nasjonal standardsats, bør KS i sin reviderte gebyrmal tilrå ein sats for denne gebyreininga (tilsvarande som KS gjorde for nokre av gebyreiningane i gebyrmalen frå 1999). Vi tillet oss derfor å foreslå ei endring i 2. setning i leddet. Vi **tilrår** følgjande formulering av første ledd (endring i kursiv):

(3) Kommunen kan i alle saker ta et særskilt gebyr pr. utstedt matrikkelbrev. Kommunen kan dessuten kreve dekket nødvendige tinglysningsgebyr. (Sletta: 2. setning)

I merknadene bør stå at KS i sin reviderte gebyrmal bør tilrå ein nasjonal lik sats for denne gebyreininga.

§ 17 Betaling for opplysninger fra matrikkelen

Informasjonen i matrikkelen er det enten kommunane eller Statens kartverk som har lagt tilrette for distribusjon. Vi meiner det er desse instansane som er partar i spørsmålet om betaling for sjølve informasjonen. Kva distributør skal ha som påslag for distribusjonen, vedrører han, jf. kommunane og Geovekst sine avtalar med Norsk eiendomsinformasjon. Derfor er det opp til kommunane og Statens kartverk i fellesskap å fastsette prisar og fordeling av salsinntektene. Dette bør klart gå fram av forskrifta. Dette tilseier at første ledd blir endra. Vi **tilrår** at første ledd blir formulert slik:

(1) Statens kartverk og kommunene fastsetter satser for betaling for opplysninger fra matrikkelen og fordeling av inntektene. Betalingssatsene skal fastsettes slik at de samlede inntektene ikke blir større enn de faktiske kostnadene ved innsamling, produksjon og reproduksjon med tillegg av en rimelig avkastning av investeringene. (2. setning og det som gjeld distribusjon er stroke.)

Kapittel 5 Tidsfrister og klage

§ 18 Frister i saker som krever oppmålingsforretning

Første ledd. Det er vanleg i våre kommunar at søknad om frådelling og rekvisisjon av oppmålingsforretning er samordna i eit dokument. Dette er svært praktisk og bør også nyttast når ein utfører arbeida etter matrikkellova. Det medfører at det av forskrifta klart går fram at fristen skal reknast frå det tidspunktet alle føresetningane for å kunna gjennomføre oppmålingsforretning er oppfylt. Dette gjeld og betalt gebyr der kommunen har reglar om forskottsbetaling.

Frist på 12 veker bør normalt vera tilstrekkeleg for større og mellomstore kommunar. I vår region, og sikkert andre stader i landet, samarbeider kommunane om bruk av effektivt måleutstyr som går på omgang mellom kommunane. Kommunane samlar då opp målearbeida til dei har dette utstyret. Alt etter kor mange som samarbeider om slikt utstyr, vil frekvensen variera. Kolliderer dette med ferie, sjukdom o.l. vil fristen på 12 veker kunna bli for knapp. Vi ber derfor om at fristen blir endra til 6 mnd. For publikum er det den totale fristen som er av interesse. Å ha underinndeling av denne fristen ser vi ingen gode grunnar for. Vi tillet oss å **tilrå** følgjande formulering av av første ledd:

(1) Når rekvisisjon for oppmålingsforretning er mottatt *og alle krav som må være oppfylt før oppmålingsforretning kan gjennomføres*, skal kommunen gjennomføre oppmålingsforretningen, fullføre matrikkelføringen *og utsteding av matrikkelbrev* innen seks måneder når ikke annet er avtalt med rekvirenten.

Andre ledd. Forslaget til endring av første ledd medfører ei forenkling av 2. ledd. Vårt **forslag** blir då:

(2) *Fristen kan forlenges for den tiden som er gått med til tinglysing, utsetting i medhold av forskriftens § 40 andre ledd,(resten som forslaget).*

§ 19 Frister i saker som ikke krever oppmålingsforretning

Vi viser til våre merknader til § 3 om matrikkelføring av informasjon frå dei ordinære domstolane. I første ledd første setning **tilrå** vi tatt inn orda ”og andre rettsinstanser” etter ordet ”jordskifteretten”.

I første ledd må ein og stryke dei to siste orda for å få samsvar med vårt framlegg til endring i § 18.

I andre ledd første setning må ein få tilsvarande suppleringsom i første ledd første setning.

§ 23 Klage over adressetildeling

Termen adressenavn må definerast.

Kapittel 6 Rekvisisjon og fullføring av oppmålingsforretning

§ 25 Tilbaketrekking av rekvisisjon

Etter vårt syn bør ein ha dei same reglane som etter gjeldande delingslov: Ei sak kan ikkje trekkast dersom saka er matrikkelført. For andre saker bør rekvirenten ha høve til å trekke saka på alle stadia fram til ho blir matrikkelført. Formuleringa ” til oppmålingsforretning er påbegynt” er diffus og ikkje nærare kommentert. For saker som blir trekt skal det betalast gebyr etter reglane i kommunen sitt gebyrregulativ. Vi **tilrå** derfor følgjande formulering av forskrifta:

Rekvirenten kan *ikke trekke sak det i medhold av § 26 er etablert ny matrikkelenhet i matrikkelen.*

For alle andre saker kan rekvirenten trekke saken inntil forretningen er matrikkelført.

For saker som blir trukket, skal det betales gebyr etter kommunalt gebyrregulativ.

§ 27 Fullføring av oppmålingsforretning etter vedtak av fylkesmannen

Fjerde ledd. Statens kartverk er tilsynsorgan for utføringa av matrikkelførar sitt arbeid. Statens kartverk bør derfor ikkje utføra desse oppgåvene.

Femte ledd. Når det gjeld klage, bør den utførande instansen for det det blir klaga på vera førsteinstans.

Vi **tilrår** derfor følgjande:

(4) Fylkesmannen kan vedta at en kommune fylkesmannen har inngått avtale med, skal stå for matrikkelføringa av forretningen. (Sletta Statens kartverk.)

(5) Når fylkesmannes vedtak er gjennomført, skal kommunen som vedtaket er rettet mot, få oversendt dokumenter som gjelder oppmålingsforretningen og matrikkelføringa for arkivering. *Den som har vært utførande instans for det som det klages på, er ansvarlig for behandling av vedkommende klage i førsteinstans.*

Kapittel 7 Vilkår for matrikkelføring i saker som krever oppmålingsforretning

§ 29 Oppretting av nytt jordsameie

Denne paragrafen har feil overskrift i høve til innhaldet, jf. § 10 første ledd i lova og MD sine merknader om realsameie. Av MD sine merknader går det fram at forskriftsparagrafen tek sikte på etablering av nye jordsameiger i samband med jordskifte.

Treng dette ein eigen forskriftsparagraf? For areal som er under jordskifte er jordskifteretten både plbl- og oppmålingsstyresmakt. Men kommunen er matrikkelførar. Vår konklusjon er at denne paragrafen kan strykast.

§ 31 Unntak fra kravet om matrikulering av festeforhold

Utkastet er stort sett som gjeldande regelverk, men det kan skapa visse problem i høve til § 46. Sjå våre merknader der.

§ 35 Grensejustering

Første ledd

Vi viser til våre merknader i førre høyringsrunde. Der tok vi m.a. også opp problemstillinga: **grensejustering i høve til stadbundne rettar i areala som skifter eigar/festar.** Desse problemstillingane er ikkje avklara korkje i utkast til forskrift eller i merknadene.

Dette kan bøtast på ved at nødvendige reglar blir tatt inn i første ledd. Dertil bør det enten i bokstav c eller i tilhøyrande rettleiar presiserast reglar for verdianslag. Vi **tilrår**:

(1) Når oppmålingsforretningen gjelder grensejustering, skal også følgjande dokumentasjon foreligge:

a) skriftlig samtykke om grensejusteringen fra hjemmelshaverne til de matrikkelenhetene som saken får betydning for. Ved bruk av fullmektig, må det gå særskilt fram av fullmakten at fullmektigen har adgang til å ta bindende standpunkt til grensejusteringen,

b) arealregnskap for involverte matrikkelenheter og overførte arealer, og eventuelt tidlige grensejusteringer,

c) *partenes* verdianslag for involverte matrikkelenheter og

d) *I den grad en grensejustering vedrører stebestede retter i eiendommene som inngår i justeringen, er det en forutsetning for gjennomføringen at rettshaverne ikke blir skadelidende eller at de gir sin samtykke til justeringen. I dokumentasjonen skal ansvarlig landmåler klargjøre i hvilken grad stebundne retter i de aktuelle eiendommene blir berørt av justeringen og hvilke retter som får annen tjenende eiendom som følge av justeringen. For disse siste kreves underskrift av rettighetshaver i dokumentasjonen som leveres matrikkelmyndigheten i forbindelse med kravet om matrikkelføring.*

2. ledd. Siste setning i 4. ledd bør vera med i 2. ledd. Når det gjeld arealgrensar, bør ein differensiere mellom grensejustering etter arealbruk fastlagt i kommuneplanen. For

grenseregulering mellom areal til landbruks- og fritidsformål, der arelverdiane er låge, bør ein kunna nytte dette effektiviseringsverktøyet for større arealoverføring utan særskild skøyte på større areal enn på areal for utbyggingsformål. I 2006 tilrådde vi følgjande, som nå bør bli:

(2) *For grensejustering som innebærer endring i eiendommenes arealstørrelse og som i kommuneplanens arealdel er vist som*

- a) *utbyggingsformål, skal ikke overføres brutto mer enn 10% av den minste eiendommens areal og netto ikke mer enn 200 m². For eiendommer < 200 m² kan netto tilføres inntil 20 m²*
- b) *LNF-område, offentlig trafikk- eller fritidsområde, skal ikke overføres netto mer enn ett dekar.*

3. ledd. Som følge av forslaget i 2. ledd **tilrår** vi følgjande formulering:

(3) Ved grensejustering som innebærer at tilført areal er omtrent like stort som avgitt areal, *dobles* skrankene etter andre ledd. Forholdet mellom tilført og avgitt areal må i så fall ikke avvike med mer enn 20 prosent.

§ 36 Uteareal til eierseksjon

Kapittel 8 Oppmålingsforretning

§38 Varsel om oppmålingsforretning

Tredje ledd. Vi **tilrår** at MD i merknadene til leddet presiserer at avstanden gjeld både horisontalt og vertikalt.

Fjerde ledd. Varselsfrist bør vera som etter gjeldande lov: ei veke.

Sjette ledd. Det er også eit mål ved oppmålingsforretninga å få klarlagd stadbundne rettar/servituttar. Dette gjer at vi **tilrår** følgjande formuleringar:

(6) Varselet skal anmode partene om å:

- a) påvise sine grenser og *stedbundne retter/servitutter* under forretningen,
- b) sende kopi til kommunen av eventuelle dokumenter som kan bidra til å belyse forholdene (skylddelingsforretninger, festesedler, *andre stedbundne rettighetsavtaler*, jordskifteforretninger, *domsavgjørelser*, *inngåtte forlik*, skjønnsdokumenter med kart m.v.), og
- c) gi melding til kommunen så snart som mulig dersom en kjenner til at andre enn de som er nevnt i varselet, kan bli berørt av forretningen.

§ 39 Protokoll

1. ledd bokstav d). Første setning bør strykast som følge av lovendringa.

Kapittel 10 Avtale om eksisterende grense

§ 45 Referanse til avtale om eksisterende grense

Dersom kartdokumentasjonen tilfredsstillar krava som er sett til grenser fastlagt i oppmålingsforretning, bør kommunen leggje grensa inn i matrikkelkartet. Vi **tilrår** derfor ei justering av tredje ledd (justeringa i kursiv):

(3) Kommunen skal kontrollere at kravet settes fram av de som har grunnbokshjemmel som eiere av vedkommende enheter, og at avtalen ikke innebærer at grensen blir endret. Dersom avtalen berører festegrund, må fester slutte seg til kravet. *Der dokumentasjonen tilfredsstillar kravene til dokumentasjon av eiendomsgrense etter § 42 sjette ledd, skal kommunen legge grensen inn i matrikkelkartet.*

Kapittel 11 Samlet fast eiendom

§ 46 Fastsetting av samlet fast eiendom

Formålet med matrikkelføring av samla fast eigedom er effektivisering av offentlege arbeidsoppgåver i hovudsak innan økonomi (avgifter/tilskott). I ein del av desse

driftseiningane inngår leigeavtalar til areal som ikkje skal registrerast i matrikkelen p.g.a. at leigetida er mindre enn 10 år. Særleg for driftseiningar innan landbruk er dette svært vanleg. Så lenge desse avtalane ikkje skal matrikkelførast, vil ein berre delvis kunna oppnå dei vinstane som ligg i ordninga.

Kapittel 12 Saker for jordskifteretten

Vi viser til våre merknader og tilråding til § 3 første ledd. Vi **tilrår** derfor ei justering av kapitteloverskrifta til: ***Saker reist for rettsinstansene*** og tilsvarande for

§ 47 Matrikkelføring av fremsatt krav om sak for rettsinstansene

Dette medfører følgjande justeringar i forskrifta:

(1) *Vedkommende rettsinstans* skal sende melding til kommunen om at det er satt fram krav om sak for *instansen*, og opplyse om type sak, hvilke matrikkelenheter saken gjelder og referansenummer. Kommunen skal registrere saken på de matrikkelenhetene kravet omfatter. Utvider *rettsinstansen* saken senere til flere matrikkelenheter eller endrer formålet med Saken, skal kommunen ha ny melding.

(2) Så snart saken er rettskraftig, hevet eller avvist skal *rettsinstansen* sende kommunen melding om dette. Kommunen fører straks opplysningene om dette i matrikkelen.

§ 48 Krav om matrikkelføring av sak utført av jordskifteretten

Vi finn det tenleg med ein forskriftsparagraf for matrikkelføring av sak utført av jordskifteretten og ein forskriftsparagraf for sak avslutta i dei andre rettsinstansane unnateke saker som er omhandla i kapittel 13.

Vi har ingen merknad til utkastet til § 48. Men vi **gjer framlegg om ny:**

§ 48 a Krav om matrikkelføring av sak utført av de ordinære rettsinstansene

Vedkommende rettsinstans skal fremme krav om matrikkelføring skriftlig eller i likeverdig digitalt dokument.

(2) *Med kravet skal følgende dokumentasjon legges ved:*

a) *avgjørelsedokumentet (forlik/dom)*

b) *kart, bilder, skisser o.l. underlagsdokument brukt i saken. (Til bruk for entydig stedfesting av avgjerd i dokument a.)*

(3) *Dokumentasjonen må så langt som mulig følge de spesifikasjoner som er utarbeidet for matrikkelen.*

Kommunen kan kreve dokumentasjon avgitt på elektronisk form der det er lagt til rette for det i matrikkelen.

Kapittel 13 Erverv av grunn

§ 49 Avtale eller vedtak om erverv av grunn til offentlig veg eller jernbane

3. ledd siste strekpunkt bør få eit tillegg som sikrar fullføring med matrikkelføring av oppmålingsforretninga. Vi **tilrår** følgjande formulering:

- referanse og dato for ekspropriasjonsvedtak eller dato for avtale om erverv eller rett til bruk. Frist for matrikkelføring av oppmålingsforretning, jf. § 18, skal regnes fra mottak av melding om ekspropriasjonsvedtak eller avtale om ervervet.

Kapittel 14 Offisiell adresse

Innleiing

Formåla med adresse er å vera:

1. eit effektivt hjelpemiddel for ukjende til å finna fram til rett stad
2. informasjonsberar for ei svært stor mengde data lagra i offentlege og private informasjonsregister og –arkiv som er knytt til objektet

Forskriftene skal vera eit effektivt verktøy for å nå desse måla. I det høvet er det utsende utkastet, etter vår vurdering sterkt mangelfullt.

Det er etter kvart velkjend i fagmiljøet at det manglar vegadresse for ca. 1/3 av adresseeiningane i landet og at dette påfører samfunnet fleire milliardar kr i ekstra kostnader og at å retta på dette, berre vil kosta nokre hundre millionar kr.

Men mindre kjend og mindre fokus har det vore på at mange av dei eksisterande adressesystema har så dårleg kvalitet, at dette og medfører store årlege tap for samfunnet. Ei medverkande årsak til dette er at mange av dei eksisterande system er komne til under heilt andre kommunikasjonstilhøve enn i dag og eit regelverket basert på at kvar kommune sitt adressesystem. Eksisterande kommunegrense gjev sjeldan ei tenleg avgrensing for eit adressesystem i høve til mål 1. Og god oppnåing av mål nr. 2 er ubunde av kvar grensene for eit adresseringsområde går. Her er det andre faktorar so er avgjerande.

I regelverket har det mangla og framleies manglar det tenlege overordna reglar for:

- a) fastlegging av dekkingsområdet for eit adressesystem og
- b) revisjon av dekkingsområdet og systemutforminga for eksisterande system

Det er vår von at dette kjem på plass i dei nye adresseforskriftene, og også reglar/verkemiddel som skal hjelpa kommunane til at dei overordna måla nemnd ovanfor, kan bli realisert innan rimeleg tid.

Ut frå den erfaring vi har fått ved at vi gjennom fleire år har arbeidd med oppgåva å gje vegadresse til alle adresseeiningane i regionen, og nå er i slutfasen, vonar vi å kunna gje gode tilbakespel i arbeidet med eit godt regelverk for adresse. I tillegg har vi med oss kunnskap/erfaring frå over 40 år med problemstillinga på Bergenshalvøya der fem adressesystem blei omforma til eitt. Dei mange forvekslingsulempene ein etter kvart fekk ved at ein fekk fleir og fleir like eller likelydande adresser innan same dekkingsområdet for mange viktige tenester, gjorde at arbeidet med å laga eit interkommunalt adressesystem var starta før vedtaket om kommunesamanslåinga gjennomført i 1972.

Forskriftene bør starta med forskrifter for fastlegging og revisjon av dekkingsområdet for eit adressesystem. Her er eit utkast:

§ ? Fastlegging av dekningsområdet for et adressesystem

- (1) *I kommuner der det ikke er tildelt vegadresser, skal det før en starter arbeidet med tildeling av vegadresser til adresseenhetene, fastlegges:*
 - a) *yttergrenser for dekningsområdet til adressesystemet (grenser for adresseringsområdet)*
 - b) *kommunale retningslinjer for systemet*
- (2) *Bestemmelsen i første ledd gjelder òg for kommuner der det bare er tildelt vegadresser for en mindre del av adresseenhetene i kommunen.*
- (3) *Før kommunens administrasjon fremmer forslag til kommunestyrene i de berørte kommunene for pkt. a) og b), skal det foreligge en utredning av hva som vil være hensiktsmessig dekningsområde for det adressesystemet adresseenheten skal høre til ved tildeling av vegadresse. Utredningen skal og inneholde forslag til lokale retningslinjer for adressesystemet.*

Utrykningsinstansene og transportnæringen skal være rådspurt om forslagene og saken skal ha vært lagt ut til offentlig høring med minimum tre vekers høringsfrist før den fremmes.
- (3) *Statens kartverk skal bistå i arbeidet med å få til velfungerende adressesystem.*

(4) Fylkesmannen kan pålegge etablering av vegadresser i områder der system for dette ikke er etablert, jf. § 55. Eventuell gjennomføringsfrist skal være drøftet med kommunen(e) på forhånd.

Utfyllende merknader.

Første ledd. Kommunegrensene er svært mange stader lite eigna som yttergrenser for eit velfungerande adressesystem. I geodataplanen for Nordhordland og Gulen var det tilrådd å etablere eit prosjekt i regi av Regionrådet for tildeling av vegadresse til alle adresseeiniane i regionen. Kommunestyra slutta seg til dette. I prosjektet starta vi med å avklara pkt. a. Eit høyringsutkast med fleire alternativ for inndeling av området mellom Bergen og Sognefjorden i adresseringsområde blei sende på høyring til uttrykingsinstansane (AMK, Alarmsentralane for dekkingsområdet, brannvern, politi/lensmennene, transportnæringa (drosje-, lastebilcentralar og rutebilselskap) og fylkeskartkontora. Alternativa var:

1. Kvar kommune sitt system (0 alternativet)
2. 3 av kommunane Fedje, Meland og Modalen kvar sitt system (0 alternativet då dei var relativt klart avgrensa i høve til kommunikasjonssystemet) mens resten av kommunane og den delen av Høyanger kommune som ligg på sørsida av Sognefjorden, skulle vera eitt adresseringsområde
3. Dei 8 kommunane + nemnde del av Høyanger burde vera eitt adresseringsområde

Resultat av høyringa og vedtak: Alle uttrykingsinstansane og transportnæringa var samstemt i si tilråding: Kommunane burde gå for alternativ 3, mens fylkeskartkontora med grunngeving i føring av GAB-systemet!, tilrådde alternativ 1. (Har seinare fått melding om at dei stør tilrådinga frå dei andre høyringsinstansane. Tilbakemeldinga vi fekk var ein "glipp".) Med så klar tilråding blei utkast til pkt. b utarbeidd. Tilrådinga pkt. a og b blei så lagt ut til offentleg høyring (ingen innvendingar) og tilråding sendt kommunestyra til vedtak. Alle kommunestyra med unntak av Høyanger, der dei ville venta med tildeling av vegadresser for sin del av adresseområdet, vedtok samrøystes tilrådinga frå prosjektet.

Andre ledd. I 4 av kommunane i Nordhordlandsregionen var det tildelt vegadresser etter gjeldande regelverk. **Resultat:** nokre like adresser og nokre likelydande adressenamn med tilhøyrande forvekslingsfare og eit system der ein fekk mange namn (eige namn på små vegstubbar) og variasjon i systemutforming innan same kommunikasjonsnett. M.a.o. lite tenleg både for redningstenester, som meir og meir blir organisert i større einingar, og for ukjende som skal finna fram til rett stad.

Tredje ledd. SK har så langt vore altfor passiv som pådrivar i dette viktige arbeidet. I Geodataplanane for Hordaland og Sogn og Fjordane for 2008-2011 er temaet for første gong sett på dagsorden som eit prioritert tiltak i desse to fylka, men utan meir konkrete planar.

Fjerde ledd. Fylkesmannen har øvste ansvaret for sivil tryggleik. Han disponerer og skjønsmidlar til fordeling på kommunane slik at han kan følgja opp eit pålegg med nødvendige økonomiske midlar for gjennomføringa. Vegadresse er eit verktøy i auka samfunnstryggleik.

§ ?? Revisjon av etablerte adressesystem

(1) Kommunen skal revidere sitt adressesystem når det ikke lenger har tjenlig kvalitet i forhold til formålene, jf. § 50. Revisjonen kan gjelde:

- dekningsområdet for systemet
- de lokale retningslinjen for systemet
- skiltingen

(2) For revisjonsarbeidene gjelder reglene i § ? tredje og fjerde ledd tilsvarende

- (3) Fylkesmannen kan pålegge revisjon av eksisterende adressesystem der kvaliteten av systemet er for dårlig ut fra hensynet til samfunnsikkerhet. I pålegget skal opplyses om hva om må utbedres. Eventuell gjennomføringsfrist av pålegget skal være drøftet med kommunen(e) på forhånd.

§ 51 Tildeling eller endring av adresse

Forslaget er basert på at det eksisterer eit adressesystem i kommunen. For å gjera forskrifta allmenngyldig **tilrår** vi følgjande justering i første ledd:

- (1) I områder der det er etablert system for tildeling av vegadresse, skal kommunen tildele vegadresse til bygning som planlegges brukt til boligformål, fritidsformål, næringsvirksomhet, eller offentlig eller publikumsrettet virksomhet.

§ 52 Vegnavn

Vegnamnet må vera eintydig innafor adresseringsområdet. Men når det gjeld koden så må den vera eintydig for den delen av adresseparsellen som ligg i vedkomande kommune. Regelen om forkorting av namnet er kome p.g.a. plass ved føring av matrikkelen og bør såleis berre gjelde der og ikkje på presentasjon av namnet i skilt og kart.

Vidare tilrår vi at ledd 1 og 2 byter plass. Vi **tilrår** at forskrifta til § 52 får følgjande formulering:

- (1) Kommunen skal tildele alle gater, veger, stier, plasser og områder som blir brukt til offisiell adressering en entydig identifikasjon (vegkode) og et navn (vegnavn) som er entydig innenfor *adresseringsområdet*. Skrivemåten fastsettes etter reglene i lov om stadnamn. Dersom navnet er på flere enn 22 posisjoner skal det tildeles et forkortet vegnavn *til bruk i matrikkelføringen*. Inntil annet navn er fastsatt, skal vegkoden brukes som vegnavn. *Vegkoden identifiserer den delen av adresseparsellen som ligger innenfor vedkommende kommune.*

- (2) Vegadresser skal knyttes til kjørbare gate, veg eller plass. Dersom dette ikke er mulig, kan vegadresser knyttes til sti eller et entydig avgrenset område.

§ 53 Adressenummer

I trede ledd bør talet 8888 bli endra til 9999.

§ 54 Adressenavn

Ordet bør definerast. Her er eit utkast: **adressenavn**: stedsnavn brukt som navn på en gård og som eier/bruker med hjemmel i § 54 i forskrift til matrikkelloven kan kreve å få bruke som del av eiendommens offisielle adresse

Dersom ein skal tillata bruk av gardsnamn som lokaliseringsnamn for ein eigedom si adresse, bør de etter vårt syn gjelda alle eigedomane på garden. Dersom dette blir resultatet må definisjonen tilpassast dette.

For eigedom som er tildelt vegadresse, bør tilleggsnamnet i skriftleg korrespondanse setjast på lina før vegadressa. Dette bør nemnast i MD sine merknader til paragrafen.

§ 57 Skilting

Kostnadene med kjøp og oppsetting av dei kommunale skilta utgjer ein stor del av kostnadene med å etablere eit adressesystem. Vi er glade for forslaget om at Statens vegvesen skal ta desse kostnadene for riks- og fylkesvegane og og kostnadene ned vedlikehaldet for desse. Dette er rasjonelt; ei god samordning ned SV sine egne skitingsarbeid.

Det er mange både offentlege instansar og privat verksemd som vil få stor nytte av at adresseiningane blir tildelt vegadresser, nytte som er mange gonger større enn kostnadene med å få realisert denne nytten (etableringa av vegadresse.)

I lovproposisjonen er antyda at skiltfinansieringa bør skje etter ”geovekstprinsippet”. Dette blei lagt til grunn for kommunane i region Nordhordland og Gulen sine vedtak om å etablere

vegadresse for alle adresseeiningane i regionen: Kommunane skulle dekke sine administrative arbeid i samband med oppgåva og andre offentlege instansar og privat næringsliv med stor nytte av tiltaket skulle dekke kostnadene til prosjektleiing, kjøp og oppsetting av skil.

Resultatet så langt er at føresett tilskott både frå andre offentlege instansar og frå det private næringsliv er vanskeleg å få tilført. Så langt berre halvparten av det som trengs. **Her må det nok til sterkare verkemiddel.**

Av geovekstpartane er det berre el-sektoren og Statens vegvesen som har stilt opp, den første med tilskott som søkt om og bruksrett til å få festa skilt på sektoren sine lågspent- og lysstolpar. SV sitt bidrag så langt er vederlagsfri bruksrett til å festa adresseskilt på SV sine stolpar, mens vi frå tele, som vel har same nytte som el-sektoren er tilskotet 0, også i høve til å nytta stolpar som er deira eigedom. Posten AS refunderer kommunane kostnadene til porto brukt til masseutsending av adressetildelingsbrev. Frå Norsk Eiendomsinformasjon AS, som har inntekter av å selje adresseinformasjon, er også svaret negativt!

På mange av våre brev til statlege institusjonar, som sjølv har sagt at dei sårt treng at vegadresser er tildelt og vil spara store utlegg i si verksemd der dette er på plass, t.d. helseforetaka, Skattedirektøren, fylkesmennene, fylkeskommunane. Alle svarar at dei støttar tiltaket og ville gjerne stø tiltaket økonomisk, men dei har dessverre ikkje budsjettmidlar. (Det er ikkje ”deira bord”, er vår kommentar). **Vi har såleis lita tru på geovekstmodellen som finansieringsmodell. Vårt forslag er at MD tek ansvaret for å få på plass ei ordning der kommunane i det minste får dekke kostnadene til kjøp og oppsetting av dei adresseskilta som ikkje statens vegvesen etter forslaget skal dekke. Her burde det vera nok å visa til den positive effekten tiltaket vil få i høve til miljøvernet; ein effekt som årleg åleine langt overstig dei nemnde kostnadene!** Vi tilrår derfor følgjande formuleringar for §57 (endringane i kursiv):

(1) Kommunen har ansvar for skilting av gater, veger, stier, områder og plasser som er nødvendig for å oppnå god merking av adressene. For riksveg og fylkesveg har regionvegkontoret dette ansvaret. Skiltene skal settes opp så snart som mulig etter at skrivemåten til vegnavnet er vedtatt *og være utformet i nasjonal standard.*

(2) Eier eller fester er ansvarlig for at den enkelte bygning eller eiendom blir merket med adressenummeret. Adressenummeret skal være satt opp før bygning eller bygningsdel kan tas i bruk. Kommunen kan gi tillatelse til å utsette oppsettingen dersom særlige grunner taler for dette. *Jf. også § 59.*

(3) Eier, fester eller beboer skal merke bruksenhet som er tildelt egen offisiell adresse, med adressemerke etter retningslinjer gitt av Statens kartverk. Merket skal settes synlig på eller ved inngangsdøren for bruksenheten. Bruksenheter merket i henhold til tidligere regelverk, behøver ikke endre slik merking.

(4) *Statens kartverk refunderer kommunen dens kostnader til kjøp og oppsetting av kommunale adresseskilt der dette ikke blir dekket av Statens vegvesen, jf. første ledd.*

§ 58 Felles adresseringsområde

Vi viser til vårt forslag til to overordna §§ i dette kapitlet. Med dei på plass vil denne paragrafen falla vekk. Det som står i han og merknadene til han, vil det vera naturleg å innarbeide som merknader til dei to nemnde §§.

Sluttmerknader

Vi gjentek det vi sa i innleiinga, at utkastet til forskrifter er eit godt opplegg til at sakshandsamarane i kommunane vil få eit godt verktøy for sine oppgåver. Vi reknar òg med, i samsvar med tidlegare gode erfaringar, at vi med denne relativt detaljrike tilbakemeldinga, har gitt MD mange og konstruktive tilbakemeldinga til å få eit så godt forskriftsverktøy som råd i forvaltninga av det sentrale lovverket matrikkellova er for vårt samfunn. Har MD

spørsmål til tilbakemeldinga, eller ønskjer å drøfte noko i denne med oss, ber vi om at det blir teke kontakt med regionrådet sin fagsekretær på området: Torbjørn Trageton.

Knarvik, den 11. mars 2008

Arne Aven Austrheim kommune	Øyvind Tolleshaug Fedje kommune	Magne Instefjord Gulen kommune	Kåre Wiik Lindås kommune
Anne Kristin Rafoss Masfjorden kommune	Jens Bjordal Meland kommune	Kjell Langeland Modalen kommune	Nils Myking Osterøy kommune

Kjartan Medås
Radøy kommune

Torbjørn Trageton, fagsekretær